

# Møte i fylkesbiblioteksjefskollegiet (FBSK)

Tidspunkt: tirsdag 29.11.2022, klokka 12 – 14

Sted: Teams

Til stede: Anita Munch Kulset, Britt Ellingsdalen, Heidi Hovemoen, Hildegunn Hestnes (forfall frå 12:57-13:13), Mette K. Gjerdrum (forfall frå 13:01), Nina Stenbro, Sunniva Knutsen, One Marthe Vik.

Forfall: Birgit Larsen, Knut Skansen, Tone Nyseter, Elin Golten.

Referent: Møre og Romsdal

	Tid	Sak	Innmeldt av	Oppfølging / referat
1	12.00 – 12.20	Digin - Garanti for Pressreader	Elin Golten	<p><i>Flere fylker melder at de ikke kan stille med garanti på 100 000,- Hva gjør vi med det?</i></p> <p>Referat: Trygve Kikut og Mette viste til e-post som vart sendt ut 23.11 og behov for avklaring frå det enkelte fylke om garantisum for 100 000 kr. Alle som ikkje har svart på dette må gjere avklaringar i eige fylke og gi tilbakemelding snarast på om ein kan stille med garantisummen eller ikkje, og om ein faktisk ønsker å vere med i prosjektet vidare. Det vart påpeika at avtalen som er forhandla fram er svært god, og at det er viktig at vi ikkje stoppar opp på målstreken.</p> <p>Det er også behov for ei 40% stilling ekstra inn i prosjektet. Det bes om at alle fylka vurderer om dei har kapasitet til å gå inn med dette, og gir eventuell beskjed om det til Trygve/Mette.</p>
2	12.20 - 12.40	FiF	Kristin Storvig	<p><i>Kompetansebank Konstituere nytt prosjekt – avtale møte over nyttår</i></p> <p>Referat: Det vart avgjort at det ikkje blir signert ei formell avtale med NB om kompetansebanken, dette blir no omgjort til eit notat som har til hensikt å avklare roller og forventningar til fylka og NB. Det kom innspel kring ordlyden i notatet som Kristin får tilsendt etter møtet. Når det gjeld kvalitetssikring av innhald i kompetansebanken vil kvar einskild vere ansvarleg for å kvalitetssikre det dei legg ut.</p> <p>FiF og e-læringsgruppa vil jobbe saman om kompetansebanken framover. Det er planlagt eit møte med NB 15.12.22 der ein skal diskutere status for kompetansebanken.</p>

3	12:40 – 13:00	Fylkeskultursjefene - samhandling	AU	<p><i>Oppsummering av møte 4. november</i>  <i>AU er invitert inn i digitalt møte 9. desember</i></p> <p><b>Agenda:</b></p> <p>1. Mandat</p> <p>2. Dialog med NB</p> <p>3. Fylkesbiblioteksjefenes samarbeid om politiske saker:  <i>Hvordan samarbeider dere når det gjelder å fremme politiske saker i fylkeskommunene? Være seg saker dere ønsker å sette på agendaen i den enkelte fylkeskommune, og som er av nasjonal interesse, eller uttaler til lovverk, nasjonale strategier, mm.</i>  <i>Fylkeskommunene er jo forholdsvis ulike, med ulike prioriteringer og ulike praksiser, når det gjelder disse forholdene. Noe vi kan/bør være oppmerksom på?</i></p> <p>Referat:  AU hadde møte med fylkeskulturdirektørkollegiet 4. november, og er invitert inn i nytt møte 9. desember.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Når det gjeld mandatet vil Britt legge inn ei endring som gjeld val av AU, og sender ut mandatet til godkjenning i etterkant av møtet.</li> <li>2. Fylkeskulturdirektørane har stilt spørsmål om dialogen mellom FBSK og NB. Dialogen opplevast som utfordrande, og det er ønske om ein formell arena å samhandle på der partane er likestilte. Kollegiet syns det er rart at NB ikkje vil diskutere saker som f.eks. spelemidlar, retningsliner for fjernlån o.l., når vi sitt med stor kompetanse og dekker heile landet. Det er viktig at dialogen blir betra og at vi får ein arena til å løfte opp saker som er viktig for oss. AU tek med seg innspela vidare.</li> <li>3. Møre og Romsdal nemnte at dei skal ha to uttaler vinter/vår 2023, om transportordning og formidlingsløysing. Det vart bestemt at det lagast ei liste over politiske saker i Teams, der alle kan fylle inn saker som skal opp til behandling for å få betre oversikt over kva vi eventuelt kunne samarbeidd om.</li> </ol>
	13.00 - 13.10	Pause		
4	13:10- 13:30	Felles kampanje 2023	Hildegunn /Heidi	<p><b>Forslag frå Innlandet, Viken, Trøndelag og Vestland:</b></p> <p><b>Marknadsføringskampanje</b></p>

				<p><i>Arbeidsgruppe: Linn T. Sunne (Innlandet), Silje Stener (Viken), Bjørnar Skjesol (Trøndelag), Lena J. Glesnes (Vestland)</i></p> <p><i>Leder: Silje Stener (Viken)</i></p> <p><i>Budsjett: om lag 50.000 frå kvart fylke som utgangspunkt, men arbeidsgruppa må vurdere om dette er tilstrekkeleg for å utvikle ein nasjonal kampanje. Om budsjettet er for lågt, må arbeidsgruppa foreslå ei justering av budsjettet for fylkesbiblioteksjefkollegiet</i></p> <p><i>Tematisk ramme: folkehelse og sosial inkludering</i></p> <p><i>Oppdrag: anbod og val av byrå som utarbeider og evt. gjennomfører digital og fysisk kampanje for profilering av folkebiblioteka</i></p> <p><i>Målgruppe: innbyggjarar (og politikarar)</i></p> <p><i>Tidspunkt: i forkant av kommune- og fylkestingsval 2023</i></p> <p><i>Grunnleggande føresetnad for arbeidet: at alle folkebiblioteka kan kjenne eigarskap til innhaldet i kampanjen. Biblioteka må kjenne seg igjen i kampanjen, og ikkje oppleve at dei ikkje kan tilby det som vi seier dei kan tilby.</i></p> <p>Referat:</p> <p>Vi treng 500 000 kroner til kampanjen. Britt vil sende ut informasjon om fordeling av utgiftene per fylke basert på innbyggartal, og alle må bekrefte om dei forpliktar seg til å vere med på kampanjen. Mandatet som er gitt prosjektgruppa er OK som beskrive.</p> <p>På sikt må det tas ein diskusjon om korleis ein fordeler utgifter på dei enkelte fylka når ein må inn med midlar.</p>
5	13.30-13.40	Offentlige anskaffelser – oppfølging av leverandører	Årsmøtet	<p><i>Heidi lager en skriftlig redegjørelse for saken. Vi diskuterer i neste kollegiemøte om vi tar det videre.</i></p> <p>Referat: Punktet blir utsett til neste møte. Heidi ønsker i tillegg ein dialog om problematikk kring eigarandel i Biblioteksentralen i høve anbod.</p>
6		Fylkesbibliotekets nettside - oppgradering	AU	<p>Britt ønsker å oppgradere nettsida til FBSK på bibliotekutvikling.no, den ser veldig trist ut. Ber om at dei som har moglegheit til å ta på seg oppdraget melder dette tilbake til Britt. Det er snakk om å få inn nokre illustrasjonar/bilete.</p>
7		Eventuelt		